

## Søknad om midler til senking av kanal

Gnr 156/Bnr 13.

Eg, Anders Austrheim søker herved om midler til senking av kanal. I 2017 blei det gitt løyve til nydyrkning og dette arbeidet er no påbegynt. Nydyrkninga er påbegynt der det er sannsynleg at dyrkninga kan bli bra med dagens vannstand. Men for at heile området skal kunne dyrkast, burde vannstanden vore senka i myra. Arealet hjå søker er om lag 50 til 60 dekar, inkludert dyrka og dyrkbart areal. I 1982 blei myra detaljgranska av den gang det norske jord- og myrselskap. Det var då planlagt ein ca 1700 meter lang kanal frå kyrkjelydhuset til Førland, sjå vedlegg. Sjølv om rapporten snart er 40 år gammal, er den grundig utarbeida, og mykje av innholdet er like relevant i dag. Nedslagsfeltet i myra er om lag 500 dekar. I rapporten frå det norske myrselskapet står det blant anna at utløpet burde vore senka med om lag 3 meter. Det er dette arbeidet eg no søker midler til. Då er det snakk om å grava og sprenga ei ca 300-350 meter lang grøft. Det er fleire aktive bønder i området som og vil kunne gjere seg nytte av dette tiltaket. Eg har prøvd å beskrive i kart kor arbeidet skal foregå og kor den nye kanalen kjem. Der kanalen i dag går i rør, skal det etablerast ein ny ved sidan av, slik at den kanalen som er i frå før av, kan fortsatt gjere nytte for seg, sjå vedlagt kart.

Søker driv i dag med storfekjøtt produksjon og har om lag 250-300 storfe og nokre sau. For å hauste grovfor til desse dyra disponerer eg dryka mark hjå 20-30 gardsbruk. Søker har heile tida eit ynskje om å ha mest mogleg eige areal. Det vil auka forutsigbarheten og arealet ligg tett ved driftsbygningen, som vil medføre kort transport av grovfor og husdyrgjødsel, som vil gjera drifta rasjonell og miljøvennlig.

### Kostnadsoverslag:

Kostnaden er estimert i grove trekk til 1,5 millioner inkl. egeninnsats. Visst tiltaket er noko kommunen ser seg intressert i å støtta, kan eg sende eit noko meir detaljert kostnadsoverslag. Eg søker herved om stønad på 500 000 kr til tiltaket.

Håper på positivt svar, då dette vil gagna fleire bønder i området.

Mvh Anders Austrheim

Austrheimveien 1257

5943 Austrheim